



«Me står saman for ein trygg oppvekst i eit aktivt og inkluderande læringsmiljø»

Hafslo, 23.09.2025

Møtereferat FAU ved Hafslo barne- og ungdomsskule

Tysdag 23.09.2025 kl.19:30 – ca 21.15

Innkalling til foreldrerepresentantar:

Eirik Hoem, Tonje Været(forfall), Ine Jeanett Skjerven,
Linda M. Hagelin (forfall), Bjarni Valsson, Benedikte Fløtra Grøteig, Siri Holen Lomheim, Tomas
Kjørlaus, Tommy Stein, Dan Yngve Høyheim

Rektor: Hilde Selland

SAKSLISTE

01-2025/26	Velkomen til FAU Introduksjon om samarbeidet mellom heim og skule. Og foreldrerådets arbeidsutvalg (FAU) ved Hafslo barne- og ungdomsskule. Lesestoff: - https://foreldreutvalgene.no/fug - https://www.luster.kommune.no/hafslo-barne-og-ungdomsskule/hafslo-barne-og-ungdomsskule/rad-og-utval/ Informasjon om FAU og deira arbeid blei presentert av FAU leiar samt innspel frå rektor. Alle deltakara skal no vera innmeldt i Brønnøysundregisteret.
02-2025/26	Konstituering FAU Årsmøtet valte leiar, nestleiar og økonomiansvarleg, men ikkje sekretær. Siri Holen Lomheim blei valgt som sekretær på dagens møte, 23.09.
03-2025/26	Godkjenning av referat frå sist møte (08.05.2025 og 05.06.25)
04-2025/26	Skriv, meldingar, oppfølging av tidlegare saker og diverse info: - Status saker frå siste FAU-møtet og 2024/2025, FAU leier informerte. - Årsmøtet juni 2025, konto- og vipps-tilgang, oversikt over klassekontakter. - <u>Møteplanen 2025/2026</u> Tysdag 11. nov 2025 Tysdag 03. feb 2026 Tysdag 24. mars 2026 Tysdag 28. april 2026 (Årsmøte: tysdag 09. juni) Det blei også diskutert om neste årsmøte skulle organiserast/gjennomførast på litt anna vis neste år. Tas opp som sak når det nærmar seg innkalling til årsmøte.

	- Dialog med FAU Gamlestova barnehage og FAU Hafslo barnehage om trafikk- og parkeringssituasjonen i sentrum. Samarbeidsutvalet (SU) har tidlegare i år sendt brev til kommunen der ein har etterlyst ekstra trafikksikringstiltak i sentrum. Brevet er svara ut av kommunen at det skal gjennomførast trafikksikringstiltak, men det tyder ikkje på at dei tiltaka som skulle gjennomførast blant anna i sentrum er starta opp. Det er ikkje lenge før barnehagen skal tas i bruk. Ein må difor etterlyse framdrift frå kommunen på trafikksikringstiltaka som skulle utførast hausten 2025. Eirik tek saka vidare med SU og FAU leiarane i barnehagane.
05-2025/26	Sykkelparkering med takoverbygg Status og vidare arbeid. Ref. sak 32-2024/25 og 24-2024/25. Det har vært dialog med prosjektleiar i kommunen, som har bygginga av den nye barnehagen, om å få til noko samhandling med etablering av sykkelparkeringa på den sida av skulen. Ein har ikkje lykkast med å få til ei løysing der enno. Det bør også etablerast ein sykkelparkering med takoverbygg på andre sida av skulen, ved dagens sykkelparkering mot Hafslo barnehage. Dan Yngve og Bjarni forsett dette arbeidet vidare mot kommunen.
06-2025/26	Diverse informasjon v. rektor - Ynskje frå elevar om uteområdet. <i>Følgjande ynskjer har blant anna blitt meldt inn:</i> <i>Zip-line, tunnelsklie ved dei store haugane på oppsida, turnapparat, treningsapparat/Tuftepark, pumptrack.</i> - Trafikksituasjonen skulen/sentrum <i>Savner fortsatt aktivitet og utførelse av trafikksikringstiltak rundt skulen og i sentrum. Her har det ikkje skjedd noko i løpet av hausen som håpa.</i> - Grunnskulekarakterane har tatt seg opp dei siste åra, gode resultat på avgangsklassen i år. - Triselsansvarlig, starter opp med nytt kull og ny opplæring av desse i haust. - 10.klassetur hausten 2025 <i>Rektor var med årets 10.kl på klassetur. Tilbakemeldinga fra rektor var at det hadde vært en svært positiv opplevelse.</i> <i>Med tanke på all uroen i Europa og verden generelt er det godt å kunne arrangere en så velorganisert tur i Norge.</i> <i>Det blei også nemt at denne turen var meir variert og gav meir ein tidsaktuell enn til dømes tidlegare turar til Polen.</i>

	- <i>Skulebuss 14:30</i> Det er meldt om litt uro på den siste bussen etter skulen. Skulen har kopla på ungdoms LOS som tiltak, og håpar at meir synlege vaksne på bussen kan gi betring. - <i>Økonomi i Luster kommune – sparetiltak</i> Det blei informert om at skulesjefen hadde fått i oppdrag av leiinga om å sjå nærmare på blant anna to tema, det var symje undervisninga og samarbeid Hafslo, Solvorn og Veitastrond.
07-2025/26	Trafikkkampanje Planlegge aktivitet (ref. møter 10.09.2024 og 14.11.24, 02.06.25) Samarbeid med Gamlestova og Hafslo barnehage. Det er søkt og innvilga midlar til blant anna trafikk-kampanjar og enkelte tiltak. Siri og Eirik ser på dette vidare.
08-2025/26	Smarttelefonfri barndom Vidare oppfølging av vedtaket i årsmøtet i FAU 2025. - <i>Eirik har vært i dialog med Trudvang skule.</i> - <i>Oppfordring til vidare arbeid i nettverksgruppene rundt dette tema.</i> - <i>Ta opp dialog med FAU i Solvorn og Veitastrond rundt dette tema.</i>
09-2025/26	Halloween-feiring Innspel om felles feiring m.m. er blitt retta til småskulen. - <i>Foreldrekontaktane i småskulen blir oppfordra til å snakka saman og sjekke ut om det er mogleg med felles feiring eller om det er enklare å få til felles feiring per klasse.</i> <i>Det blei også diskutert om eldre elevar kan arrangere Halloween for dei miste i gymsalen. Eldre klassetrinn kan kontaktast ved behov, kan nyttast som dugnad og inntening til klassetur/klassekonto.</i>
10-2025/26	Foreldrerepresentantar - samarbeidsutvalet Me har valt 2 personar (Eirik-leiar og Ine-nestleiar FAU). Det skal vere tre totalt frå foreldra. Tomas Kjørlaus blei valgt inn.
11-2025/25	Fast sak - status på foreldrenettverksmøter og sosialkveldar <i>Foreldrenettverksmøter er planlagt innan kort tid hjå fleire og sosialkveldar har starta litt opp av enkelte.</i>
12-2025/26	Aktivitatar og arbeid i 2025/2026 Innspel og forslag - Den nye ungdomsklubben («i nye barnehagen») Desse lokale må fyllast opp med ymse ting frå møbler til utstyr/aktivitar for ungdommane. - Ungdoms LOS; Helga Sie, må kontaktast for å sjekke kva som er planlagt inn der, og om det er noko foreldregruppa kan bidra med. - Tomas og Tommy følger opp dette vidare.

13-2025/26	Eventuelle innkomne saker - 7.klassetur Det kom spørsmål frå eit klassetrinn om kvifor Bergensturen i 7.klasse var blitt avslutte. Dette blei avslutta i fjor pga «gratisprinsippet». Denne turen er no erstatta med overnattingstur til Kaupanger/Skogly. Elevane er på denne turen blant anna innom Vite Meir, og ulike aktivitetar i Kaupanger hallen. I vår dekka skulen turen og forelda stilte på dugnad i form av transport til og frå.
------------	---

Referent
Siri Holen Lomheim